

**Litt aggressive kyr**

14.06.2009

**Folk som har gått tur i Fjellandsbø-området ber uskedalen.no om å bringa vidare ei lita åtvaring: Kyrne som går i området kan vera litt aggressive no om dagen fordi dei har små kalvar.**

Spesielt er det grunn til å åtvare mot at ein tar med seg hundar eller barnevognar på turen og helst bør ein vera sprek til beins, seier ein av turgåarane.

Eigaren av kyrne lovar på si side å slutta med å gje kyrne mjøl og håpar at dei då vil trekkja meire vekk.

Av Ola Matti Mathisen